


Lepsøyrevet fyr har fått glansen tilbake



Utstyrt med hovudlykter og store forventningar såg dei kvalitetane i den sterkt vêrslitne bygningen. Takka vere innsatsen til Kystverket og Lepsøyrevets Fyrvenner kan fyrjuvelen igjen skine.

LEPSØYREVET

- Lepsøyrevet fyrstasjon frå 1879 ligg på Gamlemshaugen i Haram kommune. Ein 220 meter lang molo fører ut til fyret.
- Automatisert og avfolka i 1956.
- Eigar Kystverket byrja renovringa av Lepsøyrevet fyrstasjon sommaren 2011.
- Lepsøyrevets Fyrvenner vart stifta i 2009. Ca. 80 medlemmar.
- Styret i veneforeininga er Terje Hurlen, Kari-Ann Holgersen, Helge Holgersen, Leif Hildre, Arnhild Hildre og Johan Skjelten.
- Den harde kjerne i dugnadsgjengen er Helge Holgersen (primus motor), Odd Hurlen, Harald Gamlemshaug, Knut Høiby, Jarle Nystøyl og Arthur Stokke.

FYR

– Kystverket førebudde oss på at det kom til å sjå verre ut enn vi kunne forestelle oss, fortel Kari-Ann Holgersen med eit smil.

Ho skruv tida attende til mars 2009, då ho og andre fyrvenner besøkte Lepsøyrevet fyrstasjon for første gong. Til trass for minimalt med lys og sterkt forfall, la ho merke til det flotte panelet og fargane oppetter trappa. Potensial? Absolutt.

6. juni 2014: «Vi har hatt en opplevelse utenom det vanlige. Lepsøyrevet fyr er helt ufattelig flott. Vi fikk nyte en helt fantastisk solnedgang.» Drøye fem år etter har ei gruppa besøkande skrive ei helsing i gjesteboka etter å ha leigd fyret. Og fleire står i kø.

Storrenovering. Entusiasme kan lett dabbe av dersom ting tek for lang tid. Men fyrvenane heldt gløden oppe. Sommaren 2011 tok eigaren Kystverket fatt på den utvendige renovringa. Nytt tak, nye takrenner og måling.

– Innvendig måtte vi rive mesteparten av berande konstruksjonar på grunn av røte. Men vi ønskte samstundes å bevare det så autentisk som muleg, opplyser Bjørn Relling. Senioringeniøren i Kystverket

har hatt ansvaret for fyrrenoveringa. Etter mange års utvasking, har også moloen blitt forsterka. Det same gjeld natursteinssokkelen rundt fyret.

Den største endringa vi kan sjå med det blotte auget, er vindauga. Då fyret stod ferdig i 1879, var det glas i. Etter at den siste fyrfamilien flytta ut i 1956, vart dei mura att.

– Takka vere foto frå Dalsfjorden fyrmuseum fekk vi informasjon om form, spross-einndeling og ei aning om fargebruken på karmane.

Fyrstasjonen er ikkje freda. I utgangspunktet stod Kystverket fritt i gjennomføringa. Men det å vise respekt for bygningen sitt særpreg har vore viktig for både Kystverket og veneforeininga.

Samarbeid. Opphavg var det kjøkken i første etasje, stove i andre etasje og i tredje soverom og vaktrom. Når Holgersen og Terje Hurlen tek avisa med på omvisning, er det vanskeleg å forestelle seg alt arbeidet som er lagt ned. Permar med foto og avisutklipp fortel historia om eit vellukka offentleg og privat samarbeid.

Dugnadsgjengen har frakta ut vatn for å vaske og skrape bort sement etter vass-saginga. Skrapa seg gjennom fleire lag måling. Eit lokalt målarfirma har funne fram til rette fargetonane ved hjelp av fargeprøver. Kledning på vegg er spesiallaga ut ifrå originale panelpro-filar. Måling, listing og rørleggjararbeid er noko av det dugnadsgjengen skal ha æra for. Kystverket har sorgja for at ►►

– Klart vi er kry!
Her er så fint at
eg kan svime av

KARI-ANN HOLGERSEN



1: Kari-Ann Holgersen og Terje Hurlen i Lepsøyrevet Fyrvenner er glade for at fyret nå er klart til utleie. Det har blitt renoverert og pusset opp både innvendig og utvendig, av driftige dugnadshender fra Lepsøyrevet Fyrvenner. Innfelt er et bilde av fyret datert rundt første verdenskrig.

2: Ein skal ha sterk arbeidslyst og god førestellingsevne for å ta tak i eit slikt rom. FOTO: PRIVAT

3: Lepsøyrevet fyrstasjon, slik det ein gong såg ut. Bildet er mest truleg er frå 1911, i følge Frode Pilskog ved Dalsfjord fyrmuseum. FOTO: ANDERS FOLKESTADÅS, DALSFJORD FYRMUSEUM